



**Mjølkebøtte med innfelt bergkrystall - Brukt når kyrne ikkje gav mjølk**

Milk bucket with rock crystal, used as a remedy when the cows did not milk

Milcheimer mit eingesetztem Bergkristall, der verwendet wurde, wenn die Kühe keine Milch gaben

Seau à lait incrusté d'un cristal de roche - Employé quand les vaches ne donnaient pas de lait



**Mellomaldersk steinkross - Olavskross frå Lavik**

Medieval stone cross from Lavik

Mittelalterliches Steinkreuz - Olavskreuz aus Lavik

Croix de pierre du Moyen-âge - Croix de St Olav de Lavik

De Heibergske samlinger - **Sogn folkemuseum**, - er sjølvsagt ikkje eit geo/stein/mineral/naturmuseum. Men på sett og vis er det og. For stein er det overalt. Til alle tider har stein vore bruks-, kult- og kulturuttrykk alle stader i verda. Ta til dømes krystallhealingfantastane: Det er ingen grenser for kva eit krystall kan gjera av gode ting for livet ditt. Sume trur vel det er et notidig fenomen med "alternativ bevegelse" i slikt noko. Mistak! Her på museet vil du finne eit kvartskrystall (litt ametystfarge) innfelt i ein tremjølkebøttebotn. Ganske spesielt. Om det virka? Sikkert, - nokre gongar. Og om det ikkje så gjorde, kunne ein vende seg mot Olavskrossen eller mot steinfallosen. Solid sak, granitt (eller granittisk gneis), må vite. Den har stått i halvannet tusen år, og er stendig like steinhard.

Men til dette spørsmålet om kvarts, - silisiumoksyd - $SiO_2$ verkar. Det gjer det. I krystallapparatet (enkel radio) var det eit kvartskrystall som styrde radiobølgene rette vegen. Eller ta våre dagers ovbruk av silisiumprodukt i all elektronikk. Utan desse silisiumprodukta vert det bråstans, ikkje eit tastetrykk i tene-



FALLOS I STEIN, FUNNEN PÅ SORHEIM I LUSTER, TRULEG FRÅ ELDRE FOLKEVANDRINGSTID (CA 350 – 400 E. KR.).

FALLOS – EI GJENGJEVING AV DET MANNLEGE KJONNSORGANET – FINN EIN I DEI FLESTE NATURRELIGIONAR, SOM SYMBOL PÅ KRAFTA OG FRUKTBARHEITA I NATUREN. FALLOSEN VART NYTTA I RELIGIOS SAMANHENG, FOR Å FREMJA GRODE BÅDE HJÅ PLANTAR, DYR OG MENNESKE.



sta til STEIN hadde vore mogleg. (Det skulle tatt seg ut). Så vi vil det skal vera saning dette med mjølk i bøtta.

Museet er ei verkeleg perle, ta turen, sett av ein dag. Har du lykka med deg kan du finne foto av deg sjølv på veggen, - om du har vore på slektstemne eller spiller på Sogndal (1.div. også til neste år). Jamvel om du berre er ein vanleg tribuneslitar kan det skje! *ghw*